

Haldor Røyne's ærespris

Opphavet til fondet, og æresprisen, er ei gåve frå Anna Røyne i 1980 på kr 10 000, og ei gåve frå ein anonym gjevar i 1992 på kr 10 000. Prisen er meint å vera til oppmuntring og inspirasjon i arbeidet for folkemusikk og folkedans, eller ei påskjøning for velgjort arbeid i same lei. Sjå saksdokument til sak 8 på årsmøtet i Valdres folkemusikklag 1992. Minneprisen har vorte delt ut sidan 1992, og fondet er forvalta etter reglar som på dei fleste punkt samsvarar med dei nye reglane nedanfor.

Reglar for Harald Røyne's ærespris, gjeldande frå 1.3.2023

- Styret for fondet, og ansvarleg for utdelinga av minneprisen, er styret i Valdres folkemusikklag.
- Æresprisen skal gå til valdrisar som har gjort godt og viktig arbeid for folkemusikk og folkedans:
 - a) spelemenn som har synt stor interesse for å lære seg låttar i god, gamal tradisjon, og som gjerne lærer dei vidare til unge spelemenn, slik at folkemusikken kan vera levande i bygdene våre.
 - b) personar som har arbeidd med å samle låttar og/eller historisk stoff som har med folkemusikk og -dans i Valdres å gjera.
 - c) personar som har gjort godt arbeid med opplæring i spel eller dans.
 - d) personar som har gjort godt arbeid i lag eller samanslutningar som har folkemusikk og folkedans som sitt føremål.
 - e) personar som har spreidd opplysning og interesse for folkemusikk og folkedans.
- Styret vel ei nemnd på tre personar frå ulike bygdelag i Valdres. Éin person skal bytast ut årleg. Nemnda skal vurdere og velja mellom aktuelle kandidatar til æresprisen og velje ut den som skal få han.
- Inntil 80 prosent av dei årlege renteinntektene frå fondet kan brukast til stipendet, men styret i Valdres folkemusikklag kan legge til meir frå andre kjelder for å gje stipendet den ynskte storleiken.
- Stipendet skal delast ut på Jørn Hilme-stemnet, og grunngjevinga skal lesast opp under utdelinga.
- Skulle Valdres folkemusikklag bli nedlagt, skal fondet overførast til Valdres Folkemuseum, som skal forvalte det etter same reglar.

Revidert og vedteke på årsmøtet 23.3.2023